

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 17.03.2022

### Sakliste

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 10.02.2022
- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGASJONSSAKER
- ØKONOMISKE STØTTEORDNINGAR TIL LANDBRUKET I GULEN
- KYSTPILGRIMSLEIA. PARTNERSKAPSAVTALEMELLOM GULEN KOMMUNE OG REGIONALT PILGRIMSSENTER SELJE
- RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET – INTERNKONTROLL 2021
- GODKJENNING AV AVTALE OM VEGRETT OG AREALOVERFØRING MELLOM GBNR. 15/39 OG GBNR. 15/12
- SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV FOR - VALPERIODEN 2019-2023
- HOVDUTVAL FOR OMSORG(HOM)2019-2023. - SUPPLERINGSVAL-
- GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 17.03.2022

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10:00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) . Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum. Kan følgast digitalt. Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordfører

## Eigedomsskatt 2022 - utlegging av skattelister

I samsvar med eigedomsskattelova § 14 og 15 og § 6-2 i Gulen kommune sine vedtekter for eigedomsskatt, vert det med dette kunngjort at lista over utskrivne eigedomsskatt for 2022 vert lagt ut til offentleg ettersyn i 3 veker. Lista ligg på kommunen si nettside, og ligg også ute i papirformat frå 28.02.2022. (ekspedisjonen i adm.bygget til Gulen kommune). Eigar eller rekningsmottakar kan klage på taksten som er lagt til grunn for eigedomsskatten. Dette fylgjer av eigedomsskattelova § 19. Eventuell klage må sendast til Gulen kommune, Eigedomsskattekontoret, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik, innan 6 veker frå utlegginga (12/4-22).

## Di meining betyr noko!

I løpet av våren 2022 vil det bli gjennomført fleire initiativ for å hente inn meiningar og få synspunkt frå innbyggjarar, næringsliv, lag og foreiningar.

Det skal setjast mål for korleis kommunen skal vere i 2034, og korleis vi skal jobbe for å nå desse måla. Det vil verte gjennomført digitale undersøkingar, bygdemøter og næringslivsmøter. Vi håper på stor oppslutnad på alle "medverkarinitiativa".

Dersom du ikkje finn ein "arena" å melde inn dine innspel på om mål for Gulen kommune i 2034, og kva som skal til for å komme dit - så håper vi du nyttar høve til å sende dei direkte til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) . Skriv gjerne ref. Samfunnsplan. Meir informasjon finn du på [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

## Kulturmidlar 2022-ny frist

Lag og organisasjonar kan søkje kommunen om kulturmidlar. Søknadsfrist er 31.mars 2022. ( ny frist)

Det er to ulike ordningar å søkje på, ein for ålment kulturarbeid, og eit for kulturmidlar for born og unge.

Ein finn søknadsskjema på [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) under fana Kultur og aktivitet og vidare under tilskotsordningar. Der ligg det to skjema under Kulturmidlar, bruk riktig skjema for målgruppa/tiltaket

## Ledige stillingar



### Ferievikarar – sjukepleiestudentar

ved Sone Brekke, Byrknes og Dalsøyra (BBD) og ved Sone Eivindvik - Gulen sjukeheim.

Gulen kommune har behov for ferievikarar sommaren 2022 i Sone Brekke, Byrknes og Dalsøyra (BBD) og i Sone Eivindvik - Gulen sjukeheim, og vi ynskjer å kome i kontakt med deg som er sjukepleiarstudent. Vi tilbyr løn over tariff for sjukepleiarstudentar. Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og søknadsskjema på heimesida til Gulen kommune.

### Ferievikarar

ved Sone Brekke, Byrknes og Dalsøyra (BBD)

Gulen kommune har behov for ferievikarar sommaren 2022 i sone Brekke, Byrknes, Dalsøyra. Arbeidsoppgåver: Pleie og omsorg i heimetenesta. Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og søknadsskjema på heimesida til Gulen kommune.

### Ferievikarar

ved sone Eivindvik, Gulen sjukeheim.

Gulen kommune har behov for ferievikarar sommaren 2022 i sone Eivindvik – Gulen sjukeheim. Eininga består av sjukeheim og heimetenester. Eininga har også eige kjøken, vaskeri og reinhaldspersonell.

Vi treng personell både i pleien på sjukeheim og i open omsorg (heimetenesta), samt personell på serviceavdelinga (kjøkken, reinhald og vaskeri) Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og søknadsskjema på heimesida til Gulen kommune.

### Ferievikar

ved Eivindvik barnehage og skule.

Gulen kommune har behov for ferievikarar ved Eivindvik barnehage og skule, avdeling barnehagen og SFO. Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og

søknadsskjema på heimesida til kommunen.

### Ferievikarar

ved PU-tenesta

Gulen kommune har behov for ferievikarar sommaren 2022 i PU-tenesta. Eininga består brukarar i heile kommunen, men dei fleste bur på Dalsøyra.

Arbeidsoppgåver: Legge til rette for- og bidra i brukarane sine daglege gjeremål og fritidsaktivitetar som til dømes arbeidsoppgåver innandørs og utandørs, tur, fjellturar, gardsbesøk, riding, symjetilbod m.m. Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og søknadsskjema på heimesida til Gulen kommune.

### Ferievikarar

ved eigedomsdrift

Gulen kommune har behov for sommarvikarar 2022 på avdeling for eigedomsdrift. Arbeidsoppgåver: slåttehjelp, Maling, Vedlikehald, Andre oppgåver som måtte kome til. Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og søknadsskjema på heimesida til Gulen kommune.

### Kommunepsykolog

Gulen og Masfjorden kommunar har gjennom vertskommunesamarbeid ledig 100% fast stilling som kommunepsykolog med fordeling 60% i Gulen og 40% i Masfjorden. Gulen kommune er vertskommune. Sjå fullstendig utlysingstekst, søknadsfrist og søknadsskjema på heimesida til Gulen kommune.

Vi har også fleire ledige stillingar. Sjå heimesida til Gulen kommune [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) for meir informasjon.

### Tusen hjarteleg takk!

På vegne av kreftomsorga i kommunen og Dalsøyra bu- og omsorgssenter vil vi med dette få takke for den rause minnegåva ifb med Vibecke Austgulen sin bortgang. Tusen hjarteleg takk.

Mvh

Mona Hjartholm, kreftspl./ressursspl.

Aina Furebotn, avd.spl./nestleiar Dalsøyra bu- og omsorgssenter

Nina Haveland, Einingsleiar, Sone Eivindvik (inkl.ressursspl. i kreftomsorg)